

Statsforvalteren i Vestland

Sted Voss 28.04.2023

## Søknad om endring i tillatelse

Virksomhetens navn: Ragn-Sells AS avd. Voss  
Org.nr. 952 187 627, bedriftsnummer 994 441 418  
Postadresse: Postboks 453, 1471 Lørenskog  
Adresse: Bjørkemoen 56  
Kommune: 5709 Voss  
Gårds- og bruksnr.: 158/24  
Tillatelse nr. 2092/80.737.124-TAa/SF  
NACE-kode og bransje: 46.770 bilopphugging med tilhørende kjøp og salg

Kontaktperson: Ketil Henriksen, Leder ELV, ketil.henriksen@ragnsells.com, 907 36 709

## Innhold

Søknad om endring i tillatelse .....	1
1 Bakgrunn .....	2
2 Drift .....	3
2.1 Oversiktskart.....	3
2.2 Mottak, lagring og sanering av kasserte kjøretøy.....	4
2.3 Pressing av kasserte kjøretøy.....	5
3 Miljø .....	6
3.1 Deponi .....	6
3.1.1 Orientering.....	6
3.1.2 Konklusjon Deponi.....	9
3.2 Kontroll av overvann, prøvetaking og analyser .....	9
4 Vedlegg: .....	11

## 1 Bakgrunn

Etter dialog med Statsforvalter er det blitt enighet om at vår virksomhets eksisterende tillatelse (fra 1981) trenger en fornying.

Vi søker med dette en ny tillatelse (Erstatter tillatelse nr. 2092/80.737.124-TAa/SF) for vår biloppsamlingsplass på Bjørkemoen 56, 5709 Voss.

Eksisterende tillatelse er utdatert, denne søknaden er utformet etter dagens og fremtidig drift.

Søknaden tar også høyde for funn som involverer Ragn-Sells' BOP i rapport utarbeidet av Multiconsult for IHM av 24.01.2023, dokumentkode 10247385-01-RIM-RAP-002, Avslutning Bjørkemoen avfallsdeponi.

Gjeldende reguleringsplan for Bjørkemoen masseuttak, planident 2015013, er vedlagt som vedlegg 1, a-c.

Søknaden gjelder viderføring av tillatelse til mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy, se tabell under:

EAL	Beskrivelse	Maksimal lagringstid	Maksimal mengde lagret (Stk)	Årlig mengde (tonn)
<b>Kasserte kjøretøy</b>				
160104	Usanerte kjøretøy i påvente av sanering	60 dager	50	
	Miljøsanerte kjøretøy til demontering	3 år	300	
	Miljøsanerte pressede kjøretøy	3 mnd	80	

## 2 Drift

Eksisterende drift er beskrevet i dette punkt, det ønskes også å gjøres utbedringer på anleggets dekke, overvannsrør, kummer, med mer. Det planlegges nytt betongdekke tilstøtende det eksisterende, ny oljeutskiller, samt nytt bygg for bilsanering oppå betongdekket. I tillegg planlegges det asfaltdekke på resterende del som per tidspunkt er grusdekke. Se oversiktskart med forklaringer neste punkt.

### 2.1 Oversiktskart



1. **Mottaksplass for bilvrak:** Bilen blir ved mottak risikovurdert. Etter risikovurdering blir bilen registrert med unikt nummer i vårt lagersystem Delenett hvor risikovurderingen blir dokumentert. Ved lekkasje fraktes kjøretøy direkte til sanering, eventuelt søl blir samlet opp med absorbenter.
2. **Bilsanering:** Her saneres bilen med Seda-singelsstasjon inne i hall med betongdekke. Her er det plass til 8 kjøretøy før sanering. Kjøretøyene blir akklimatisert/temperert på vinter, før sanering. Det tilrettelegges med tett tank i saneringsområdet, samt absorbenter.
3. **Innendørs lager:** Lager for deler og delebiler med betongdekke, samt absorbenter.
4. **Utendørs:** Lagring av sanerte delebiler på asfaltert dekke.
5. **Pressing:** Ferdig sanerte biler presses under tak på betongdekke, med oppsamling av pressesaft.

6. **Lagring av pressede biler:** Her lagres ferdige pressede biler på betongdekke, som er tilkoblet oljeutskiller før uttransport.
7. **Innendørs lager:** Her lagres bildeler for videresalg.
8. **FA container med spillsikring:** Her plasseres containere for mottak av væsker som bensin, diesel, olje, frostvæske, bremsevæske, spylervæske fra Seda singelstasjon, samt separat lager av nevnte fraksjoner før uttransport.
9. **Lager Elbilbatterier:** Her lagres elbilbatterier i container. Container er plassert i god avstand fra bygg med tanke på å minimere risiko ved en eventuell brann. Det vil bli foretatt jevnlig målinger av temperatur på hvert separate batteri for å avdekke om det er endringer.
10. **Verksted:** Demontering av deler for videresalg og demontering av elbilbatterier. Fast dekke er tilkoblet oljeutskiller.
11. **Oljeutskiller under tak:** Tilkoblet verksted og Seda-singelstasjon.

## 2.2 Mottak, lagring og sanering av kasserte kjøretøy

Stegvis prosess for mottak, lagring og sanering av kasserte kjøretøy:

		Fossilbiler	Elbiler (lagres isolert til høyspenningsbatteri er fjernet)	Gassbiler	Skadebiler
1	Mottak av kasserte kjøretøy	JA	JA	JA	JA
2	Vrakmelding og kontroll av chassisnummer	JA	JA	JA	JA
3	Fjerning av batteri 12V	JA	JA	JA	JA
4A	Miljøsanering SEDA stasjon	JA	JA	JA	JA
4B	Demontering elbilbatteri	N/A	JA	N/A	Kan være aktuelt
4C	Fjerning av gasstank	N/A	N/A	JA	Kan være aktuelt
5A	Bil settes på utelagring til deleplukk eller pressing	JA	JA	JA	N/A
5B	Lagres inne i ny hall	N/A	N/A	N/A	JA
6	Plukking av deler verksted	JA	JA	JA	JA
7	Pressing av biler	JA	JA	JA	JA
8	Lagring av pressede kjøretøy	JA	JA	JA	JA
9	Transport av pressede kjøretøy	JA	JA	JA	JA

I tillegg gjøres følgende steg:

- Vrakmelding fylles ut med kunde
- Merkelapper/strekkode lages

- Visuell kontroll for lekkasjer, kjøretøyet plasseres på rett plass (betong med avrenning om det er fare for lekkasjer).
- Kvalitetskontroll på brukte deler
- Batteri demonteres og fjernes
- Kjøretøy settes på lager i påvente av videre behandling

### **2.3 Pressing av kasserte kjøretøy**

#### Beskrivelse av prosess for pressing:

Alt foregår på betongdekke med avrenning til tett renne for oppsamling av væske.


1. Kjøretøy fraktes fra miljøsaneringsstasjon og ca. 20 m for demontering av katalysator som ikke kan fjernes i miljøsaneringsstasjon.
2. Kjøretøy lastes deretter i pressen og blir flatpresset
3. Kjøretøy stables for lasting til container, max 10 Kjøretøy eller 4 m høyde
4. Kjøretøy lagres på betongdekke fra 1 dag til 1 uke før de lastes i tett vrakcontainer
5. Container fraktes til Norscrap på Hanøytangen for videre behandling fortløpende når full

### 3 Miljø

#### 3.1 Deponi

##### 3.1.1 Orientering

Kart (figur 3) under viser Ragn-Sells BOP's plassering i deponisonen:



**Figur 3. Oversikt over Bjørkemoen, med flere nærings- og industrivirksomheter. Avfallsdeponiet er markert med gult (Kartkilde: <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>). Registreringen oppdateres, melding er sendt Statsforvalteren den 28.11.2022.**

Kartet (figur 9) under viser hvor det er tatt grunnprøver på Ragn-Sells BOP, punkt 14, 15 og 16:



Figur 9. Skisse som illustrerer resultater fra prøvegravingen med hhv. områder med stor mektighet tynn overdekning, og områder hvor det er påtruffet leirelag er fremhevet. (8)

Utdrag fra resultater grunnprøver:

14.	1,40 m	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 10 cm veldig hard veigrus</li> <li>- 105 cm grus og sand</li> <li>- 25 cm leire</li> </ul>
15.	Mer enn 1,50 m	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sand og grus hele veien</li> </ul>
16.	1,50 m	<ul style="list-style-type: none"> <li>- 30 cm grus og sand</li> <li>- 25 cm jord (nedbrutt oksidasjonslag?)</li> <li>- 40 cm sand og grus</li> <li>- 50 cm leire</li> </ul>

Kart (figur 22) over gassmålinger Ragn-Sells BOP:



Metan	Beskrivelse
< Deteksjongrense* eller 10 ppm	Ikke påvist metan eller svært lave konsentrasjoner
< 1 000 ppm*	Under vurderingsgrense
< 5 000 ppm*	Svakt forhøyet nivå
< 10 000 ppm (under 20% LEL)	Forhøyet
< 30 000 ppm (20-60% LEL)	Forhøyet. Over alarmgrense for eksplosjonsfare nivå 1.
< 50 000 ppm (60-100% LEL)	Sterkt forhøyet. Varsling. Over alarmgrense for eksplosjonsfare nivå 2
≥ 50 000 ppm	Eksplosjonsfare

Figur 22. Utsnitt av resultater fra gassmålinger gjort av Multiconsult i oktober 2022 (19). Denne figuren viser målinger i kummer og emisjoner i samme skisse, dvs. tegning 001 og tegning 002 i rapporten kombinert.



### 3.1.2 Konklusjon Deponi

I forbindelse med undersøkelse gjort av Multiconsult for IHM, konkluderer Ragn-Sells med følgende:

1. Inngrep i terrenget på overflaten av anlegget skal gjøres i samsvar med rapportens anbefalinger om bruk av masser for å hindre gasslekkasjer fra deponiet. Bruk av duk og/eller masser som forhindrer gasslekkasje skal gjennomføres i forbindelse med utbedring av toppdekke fra grusdekke til asfaltdekke.
2. Kummer for overflatevann skal ledes ut av deponisonen til anlegget, og det skal etableres prøvetakningskum der overflatevannet spres til grunn, jf. Kart i punkt 2.1.
3. Frekvensen på prøvetaking settes til månedlig de første 12 månedene etter utbedring er gjennomført, for å etablere et representativt bilde av tilstanden på overflatevannet. Ny vurdering av frekvens gjøres etter 12 måneder.
4. Det konkluderes at det er tilstrekkelig toppdekke til å gjennomføre utbedring, jf. Figur 9 over.
5. For å utbedre gassforekomsten ved de 3 punktene 339, 340 og 352 i figur 22 over, vil Ragn-Sells bruke tredjepart med relevant erfaring og kompetanse for å sørge for enten dirigering av utslipp kontrollert til luft, eller plugging av punktene. Uansett skal dette gjøres slik at det ikke er fare for reaksjon med gassforekomsten eller til annen skade for mennesker og miljø. Etter dialog muntlig med Multiconsult ble det opplyst at mengden ved disse punktene er svært lav og svært flyktig, noe som kan indikere at dette er håndterbart.

### 3.2 Kontroll av overvann, prøvetaking og analyser

Takvann fra eksisterende og nye bygg ledes ut av deponisonen med takrenner og rørsystem. Overflatevann fra resterende asfaltert del av anlegget i bruk til drift og lagring vil ledes til kum for overflatevann. Denne kummen vil lede vann videre ut av deponisonen til ny kum for prøvetaking, og deretter slippe overflatevann til grunn. Prøvetaking av overflatevann vil gjennomføres månedlig for å etablere et representativt bilde av prøvene, kontrollparametre vil være relevante prioriterte miljøgifter. Vann fra betongflater ledes til oljeutskillere.

### 3.3 Kontroll av slukkevann

Håndtering av slukkevann:

Ved en større brann vil sluktettere og eventuelt stenging av ventiler i rørgater bli benyttet for å isolere slukkevann, Ragn-Sells VA vil bistå med oppsamling og avhending av dette.

Høyenergibatteri er lagret i en separat container øst for verksted, se oversiktskart i punkt 2, denne står ved sluk som vil bli tettet ved en eventuell brann, og det er etablert brannport for brannvesenet. Brannvesen er også involvert i metodikk for håndtering av en eventuell brann i denne containeren, og det blir etter all sannsynlighet montert kobling for brannvesen på utsiden av containeren slik at denne kan fylles med vann for å begrense eventuell reaksjon ved brann. Alle høyenergibatteri vil være under kontinuerlig monitorering for temperatur, varsel vil bli gitt digitalt skulle det utvikle seg en endring i temperatur per batteri. Se ellers vedlegg 2 Eksplosjonsverndokument.

### 3.3 Måleprogram Voss Bilsanering

Ettersendes. Måleprogram er under utarbeiding etter Ragn-Sells' mal. Måleprogrammet sikrer kontroll og måling av utslipp fra både oljeutskillere og prøvetakningskummer for overflatevann, inneholder oversikt over resipienter, og ansvarlig for utførelse. Vedlegg 3 Mal Måleprogram avdeling.

### 3.4 Beskrivelse av oljeutskiller oppsett


Se vedlegg 4 Oljeutskiller SUK-SR, eksisterende oljeutskiller på anlegget.

### 3.5 Lagring av elbilbatteri fra sanering

Som ellers beskrevet i punkt 3.3, ansatte med spesifisert kompetanse håndterer høyenergibatteri. Disse blir overvåket og kontrollert før og etter lagring. Ved mistanke om skadet batteri vil dette bli isolert i egen beholder som kan fylles med sand eller vann for å redusere reaksjon.

### 3.6 Informasjon om resipienten

Raundalselvi. Kart og informasjon hentes fra <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/062-388-R>



**4 Vedlegg:**

Andre vedlegg ikke nevnt i søknaden:

Vedlegg 5 Naboliste

Vedlegg 6 Oversikt Bjørkemoen 56

Vedlegg 7 Risikovurdering(er)

Vedlegg 8 Lokal beredskapsplan

Med vennlig hilsen  
for Ragn-Sells AS



Ketil Henriksen  
Leder ELV

# Planomtale for detaljreguleringsplan Bjørkemoen masseuttak, planident 2015013

Utarbeidd av: Rambøll

Forslag datert: 12.12.2017 - revidert: 11.04.2018.

Sist revisjon av plankart, føresegner og planomtale 14.06.18 i samsvar med vedtak i KST

Vedtatt i Voss kommunestyre 14.06.2018, sak 23/18

Sign:.....

Arkivsak i Voss kommune: 15/03143

Sakstittel: Detaljreguleringsplan for Bjørkemoen masseuttak PlanID: 2015013

Saksbehandlar i Voss kommune:

Sign:.....

## Saksbehandling:

- Oppstartsmøte 29.10.15
- Kunngjøring av planarbeid 23.11.16
- Vedtak i FPL om utlegging av plan til offentlig ettersyn 21.12.17, sak 70/17
- Utlegging til offentlig ettersyn frå 06.01.18 til 19.02.18
- 2.gongs handsaming i FPL den 31.05.18, sak 30/18
- Vedtak i KST om godkjent plan den 14.06.18, sak 23/18
- Kunngjering av godkjent plan – Hordaland avisa den 23.06.18

Oppdragsgjevar  
**NOBI Voss AS**

Rapporttype  
**Planomtale**

**2018-06-14**

# **PLANOMTALE**

## **DETALJREGULERING**

### **BJØRKEMOEN**

### **MASSEUTTAK**



## PLANOMTALE DETALJREGULERING BJØRKEMOEN MASSEUTTAK

Oppdragsnr.: 1350012301  
Oppdragsnamn: Bjørkemoen masseuttak  
Dokument nr.: 1  
Filnamn: Planomtale.docx

### Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjeld	Utarbeidd av	Kontrollert av	Godkjend av
00	31.07.17	Opphavleg dokument	KRJ	OAV	NOBI Voss AS
01	24.11.17	Supplering etter tilbakemelding frå sakshandsamar	KRJ	OAV	NOBI Voss AS
02	12.12.17	Supplering etter tilbakemelding frå sakshandsamar	KRJ	OAV	NOBI Voss AS
03	11.04.18	Supplering etter offentlig ettersyn	KRJ		
04	14.06.18	Revisjon etter vedtak	KRJ		

## innhald

<b>1.</b>	<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>5</b>
<b>2.</b>	<b>BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>6</b>
2.1	Bakgrunn .....	6
2.2	Føremål med planen.....	6
2.3	Krav om konsekvensutgreiing (KU) .....	6
<b>3.</b>	<b>PLANPROSESSEN .....</b>	<b>8</b>
3.1	Varsel om igangsetting .....	8
3.2	Planprosess.....	9
3.3	Medverknadsprosess .....	9
<b>4.</b>	<b>PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR .....</b>	<b>10</b>
4.1	Statlege føringar .....	10
4.2	Regionale føringar .....	10
4.3	Overordna planar .....	10
4.4	Gjeldande, tilgrensande og overlappande reguleringsplanar .....	12
4.5	Pågåande planarbeid .....	15
<b>5.</b>	<b>EKSISTERANDE FORHOLD .....</b>	<b>16</b>
5.1	Stad og avgrensing .....	16
5.2	Arealbruk i dag og tilstøytande arealbruk .....	16
5.3	Eksisterande busetnad i og rundt planområdet.....	19
5.4	Grunneigarforhold/Privatrettsleg avtale.....	19
5.5	Topografi og landskapstrekk.....	19
5.6	Kulturminne og kulturmiljø.....	22
5.7	Naturverdiar.....	22
5.8	Solforhold .....	24
5.9	Grøne interesser .....	24
5.10	Veg- og trafikktilhøve .....	24
5.11	Offentleg kommunikasjon .....	25
5.12	Parkering .....	25
5.13	Barn sine interesser .....	26
5.14	Sosial infrastruktur.....	26
5.15	Støy .....	26
5.16	Teknisk infrastruktur .....	26
5.17	Energi.....	27
5.18	Næring .....	27
5.19	Dagens massetak.....	27
<b>6.</b>	<b>SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>29</b>
6.1	Innleiing .....	29

6.2	Reguleringsføremål .....	29
6.3	Byggeføremål .....	30
6.3.1	Utnyttingsgrad og byggjehøgde .....	31
6.3.2	Byggjegrænse .....	31
6.4	Eigedomsinngrep .....	31
6.5	Parkering .....	31
6.6	Trafikkareal og tilkomstvegar .....	31
6.6.1	Interne vegar for publikum og logistikk.....	33
6.7	Støy .....	33
6.8	Universell utforming .....	34
6.9	Rekkjefølgje for uttak .....	34
6.10	Tilbakeføring .....	34
6.11	Naturvernsoner .....	35
<b>7.</b>	<b>VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>36</b>
7.1	Overordna planar .....	36
7.2	Eksisterande reguleringsplanar .....	36
7.3	Estetikk .....	36
7.4	Landskap .....	37
7.5	Ytre miljø, vatn og vassdrag .....	37
7.5.1	Grunnvatn.....	37
7.6	Naturmangfald.....	37
7.7	Konsekvensar for naboar (støy, støv, trafikk og liknande.) .....	37
7.8	Kulturminne og kulturmiljø.....	38
7.9	Friluftsliv, naturområde, barn og unge sine interesser i planområdet.....	40
7.10	Risiko og sårbarheit.....	40
7.11	Trafikkforhold og trafikktryggleik .....	40
7.12	Universell utforming .....	40
7.13	Teknisk infrastruktur .....	40
7.14	Juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen.....	41
7.15	Konsekvensar for næringsinteresser .....	41
<b>8.</b>	<b>UTTALER OG MERKNADER .....</b>	<b>42</b>
8.1	Uttaler og merknader ved igangsetting av planarbeidet.....	42
8.2	Uttaler og merknader til planprogram .....	44
<b>9.</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>46</b>



## 1. SAMANDRAG

Det er utarbeidd ein ny detaljreguleringsplan for Bjørkemoen. Tiltakshavar er NOBI Voss AS med Rambøll Noreg som plankonsulent.

Massetaket på Bjørkemoen har eksistert i over 60 år. Sandtaket er ein viktig ressurs for uttak/produksjon av sand, grus, singel og pukkk i Hordaland. I 1999 vart det vedtatt ein samla reguleringsplan for massetaket med kringliggjande eigedomar som syna kva for arealføremål som skulle leggest til grunn for utnytting av området. Det er eit ynskje hos både tiltakshavar og Voss kommune at Bjørkemoen vert regulert på nytt. Det er allereie utarbeidd ein detaljreguleringsplan for Bjørkemoen avfallsverk (vedtatt mars 2017), men denne inneheld berre eit mindre område av Bjørkemoen.

Potensialet for uttak av ressursar i høve til gjeldande reguleringsplan er estimert til om lag 10 – 15 års vidare drift av massetaket. I arealplanen frå 1999 er det regulert eit jordbruksområde langs randsonen av massetaket i syd. Mellom jordbruksarealet og elvane Raundalselvi og Kvisli er det sett av eit 50-meters naturvernbelte mot elv. For å kunne forlenge drifta av masseuttaket ynskjer NOBI Voss AS (tidlegare Voss Cement) å utvide sandtaket slik at det kan takast ut massar frå det regulerte landbruksområdet som ligg mellom massetaket og naturvernsona. Landbruksområdet er ikkje dyrka og har ingen særskild funksjon i dag. Når massane er henta ut er planen å tilbakeføra området.

I første omgang vart utvidinga omsøkt gjennom alminneleg byggjesøknad, men tiltakshavar vart pålagt av Voss kommune å regulere området. Planprosessen starta som ei reguleringsendring, men etter at tiltaket vart vurdert mot forskrift om konsekvensutgreiing og funnet konsekvensutgreiingspliktig vart det konkludert med at det krevjast ein heilt ny detaljreguleringsplan for området. Samstundes ynskja Voss kommune at ein større del av planen frå 1999 vart oppdatert, slik at planframlegget til slutt omfatta meir en berre massetaket – også Bjørke Sandtak, NAF-bana med fleire.

Planen regulerer området mellom elvane Raundalselvi og Kvisli og Bjørkemovegen, men er tilpassa den nyleg vedtekne reguleringsplanen for Bjørkemoen avfallsverk. Planens areal er stort, om lag 640 dekar.

Utviding av massetaket har vert gjenstand for konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga syner at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknader for grunnvatn, naturmangfold og verneverdier. Sidan utvidinga ikkje vil gje meir intensiv drift vil det ikkje verte meir støy, støv eller trafikk.

Reguleringsføremåla i førre plan for Bjørkemoen er i all hovudsak ført vidare. Endringane er i korte trekk som følgjer:

- Område for steinbrudd/uttak av masse på gnr. 158, bnr. 3 er utvida frem til 50 meters beltet med naturvern langs elvane. Massetaket vert soleis utvida med ca. 90 dekar.
- Industriområdet i aust, som inkluderer Bjørke Sandtak med fleire, er utvida fram til plangrensa til IHM mot vest.
- Det er regulert ny vegtilkomst frå Bjørkemovegen inn til sandtaket.
- Omsynssone for høgspont og flaum er lagt inn i reguleringsplanen.
- Driftstid er regulert i føresegna.

## 2. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

### 2.1 Bakgrunn

NOBI Voss AS ynskjer å oppdatere gjeldande reguleringsplan for Bjørkemoen, som vart vedteken i 1999. Voss Cementvarefabrikk AS selde i 2010 51% av aksjane til Norsk Betongindustri på Askøy (NOBI). I 2013 vart dei resterande 49 % av aksjane også selde til NOBI, og firmaet endra namn frå Voss Cementvarefabrikk AS til NOBI Voss AS pr. 1.1.2016.

Bakgrunnen for ynskje er at verksemda planlegg ei utviding av masseuttaket som vil kunne sikre vidare drift i ytterlegare 7-8 år etter at resterande massar innanfor dagens uttak er tatt ut, samstundes som ressursane i området vert fullt utnytta. Utvidinga av masseuttaket vil krevje ein ny detaljreguleringsplan for området.

Masseuttaket vart oppretta i 1956, og uttak vart starta opp heilt nord på Bjørkemoen. Etter kvart som uttaksfeltet i nord vert tømt for massar har området endra arealbruk, og i dag har Indre Hordaland Miljøverk og NAF etablert seg her. Dagens masseuttak skjer i området rundt Storhovden, syd på Bjørkemoen. Det er estimert at resterande ressursar innanfor dagens regulerte massetak er nok til 10-15 års vidare drift, men masseuttak er avhengig av konjunkturar.

### 2.2 Føremål med planen

Føremålet med planarbeidet er å utvide masseuttaket med ca. 90 daa for å forlenge drifta i masseuttaket med 7 – 8 år. Samtidig skal det opnast for midlertidig lagring av reine masar inne i masseuttaket.

Vidareføring av naturvernsona frå gjeldande reguleringsplan langs elvene Raundalselvi og Kvisli har vore ein viktig føresetning i planarbeidet. Naturvernområdet strekkjer seg frå elvekanten og ca. 50 meter inn på Bjørkemoen. Det er sona imellom naturvernbeltet og massetaket som no vert ynskja regulert til masseuttak.

Eit underføremål med planen er å få oppdatert gjeldande reguleringsplan med arealføremål for verksemdene som ligg kring massetaket, som til dømes NAFs øvingsbane, Ragn Sells, Bjørke bilopphogging m. fl.

### 2.3 Krav om konsekvensutgreiing (KU)

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing er utført. Vurderinga av ein eventuell konsekvensutgreiing skal sjåast i samanheng med tiltaket sin storleik, plassering eller eigenskapar. Og i samanheng med andre gjennomførte, vedtekne og planlagde tiltak, omfang av verknader, kompleksitet, varigheit, frekvens og reversibilitet.

Det er fleire punkt som etter forskrifta utløyer krav om konsekvensutgreiing (forskrift frå 01.01.2015). Jf. § 1 er føremålet med forskrifta å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vektlagt under førebuinga av planar, og når det teke stilling til om, og på kva vilkår, planar kan gjennomførast.

I denne reguleringsplanen må følgjande punkt konsekvensutgreiast:

- § 3 bokstav b)
- § 3 bokstav c) pkt. 13
- Vedlegg III Vurdering av vesentleg verknad for miljø og samfunn

- Bokstav c) Lansebestand i området som er omfatta av ordning med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorlar
- Bokstav i) Vesentleg auka belastning av ureining i luft, støy eller lukt, eller ureining til vatn, grunn eller sediment.
- Bokstav m) må utgreiast i samanheng med bokstav i).

Dei andre punkta er omtalt i planomtalen.

### 3. PLANPROSESSEN

#### 3.1 Varsel om igangsetting

Varsel om igangsetting av planarbeid vart annonsert i avisa Hordaland og på Rambøll si nettside den 24.11.2016. Varslingsannonse med plangrense kjem fram av figur 3.1.1.

Det vart sendt ut varselbrev til aktuelle eigedomar og regionale mynde etter adresseliste frå Voss kommune. Frist for uttale var 19.01.2017.

Det kom inn seks skriftlege uttalar, fem frå offentlege høyringsinstansar. Høyringsuttalane er summert opp og kommentert i kapittel 8.

## Varsel om igangsetjing av arbeid

**med reguleringsplan/utbyggingsavtale  
og utlegging av planprogram for masseuttak  
Bjørkemoen, Voss kommune**

I medhald av plan og bygningslova § 12-3 og 12-8 vert det varsla om igangsetjing av planarbeid og utlegging av planprogram for Bjørkemoen masseuttak.

Føremålet med ny reguleringsplan for Bjørkemoen er å leggja til rette for ei utviding av masseuttaket slik at drift av verksemda kan utvidast med 7 til 8 år samstundes som ein utnyttar området sitt ressurspotensial til det fulle.

Utvidinga vil vera i strid med arealføremål (LNF) i kommuneplan for Voss og gjeldande reguleringsplan for Bjørkemoen frå 1999. Reguleringsplanen vert omfatta av § 3 i forskrift om konsekvensutgreiing (KU) og det er naudsynt å handsama planen etter KU-forskrifta. For nærmare informasjon om tema som skal utgreiast i planarbeidet vert det vist til planprogram datert 27.09.2016, som ligg på Rambøll si heimeside.


Planområdet er avgrensa av køyreveggen Bjørkemoen i aust, Raundalselvi i vest og Kvisli i sør. Planen vil verta tilpassa plangrensene til dei to pågåande planarbeida for Indre Hordaland Miljøverk i nord og nytt bustadfelt i aust. Plangrensa er sett slik at andre aktorar i området, blant anna NAF og Bjørke Sandtak, kan involverast i planarbeidet dersom dei ynskjer det.

Tiltakshavar er NOBI Voss AS. Rambøll AS er planfagleg konsulent og kan gje nærare informasjon om planarbeidet.

Merknader som kan ha innverknad på planarbeidet og merknader til planprogrammet kan sendast innan **19.01. 2017** til:  
**Rambøll Norge AS v/KRJBRG  
PB 3705 Fyllingsdalen  
5845 Bergen.**

Alle mottekne dokument vil verta oversendt Voss kommune saman med planframlegget.

For nærare informasjon om planarbeidet, sjå <http://www.ramboll.no/news/kunngjoringer> eller kontakt Kristian R. Johansen hjå Rambøll på tlf. 416 69 635 eller [kristian.johansen@ramboll.no](mailto:kristian.johansen@ramboll.no)



**NOBI** **RAMBOLL**

Figur 3.1-1 Kopi av annonsen i Hordaland

### 3.2 Planprosess

Formelt oppstartsmøte med Voss kommune vart halde 29.10.2015.

I etterkant av møtet gjekk det ein viss tid før planavgrensning og konsekvensutgreiingsplikt var endeleg fastsett. Planprogram vart utarbeidd hausen 2016.

Revidert søknad om planoppstart og planprogram vart sendt inn til kommunen for handsaming 27.10.16. Søknad om planoppstart vart godkjend av Utval for formannskap/ plan og økonomi (FPL) 10.11.2016. I same møte den 10.11.16 i utval for FPL vart det vedtatt å leggje ut planprogrammet til offentleg ettersyn.

Varsling av igangsetting av regulering og utbyggingsavtale vart sendt med brev og tinglyst i Hordland og på Rambøll sine heimesider 24.11.2016. Planprogrammet låg tilgjengeleg på Rambøll sine heimesider i same tidsperiode.

Planprogram vart supplert etter offentleg ettersyn og sendt inn til Voss kommune den 10.04.17, med nokre ytterlegare oppdateringar den 02.06.17. Planprogrammet vart vedteken utan diskusjon i møte den 22.06.17 i utval for FPL.

Undervegs møte med Voss kommune vart gjennomført i NOBIs kontorbygg på Bjørkemoen 15.09.2017. Tema for møtet var første utkast til planframlegg. Det var også gjennomført felles synfaring.

Planen låg til offentleg ettersyn i 06.01.18 – 19.02.18. Det kom inn seks merknader; fire frå offentlege høyringsinstansar (Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, NVE og Direktorat for mineralforvaltning) og to merknader frå private aktørar (Bjørke Sandtak og Olav Tvilde). Merknadene er summert opp og kommentert i eige vedlegg til planframlegget. Merknadene er i all hovudsak tatt til følgje og planframlegget er justert i tråd med desse.

Etter offentleg ettersyn vart det, etter innspel frå grunneigar, lagt inn moglegheit for etablering av 1500 m<sup>2</sup> forretningsføre mål i BKB2, sidan det tidlegare har vore Byggmakkerforretning på eigedomen. Ved politisk vedtak av planen vart dette forretningsføre målet (KST-vedtak 14.06.2018) fjerna, sidan det er i strid med Voss kommunes ynskje om å avgrense trafikkgenererande verksemd utanfor senterområda. Forretningsføre mål er difor ikkje ført vidare.

### 3.3 Medverknadsprosess

Det har ikkje vore offentleg informasjonsmøte angående planarbeidet, men det har vert dialog med fleire av grunneigarane som vert rørt av reguleringsplanen undervegs i prosessen.

Med anna har Bjørke Sandtak AS kome med innspel til reguleringsføre mål og liknande for deira verksemd i aust.

NAF, som har motorbana vest i planområdet, har blitt informert munnleg og utkast til plankart er oversendt for uttale. NAF hadde ingen merknader.

Grunneigar av gnr. 109, bnr. 1 tok kontakt pr. telefon i samband med varsling av igangsetting av reguleringsarbeid. Grunneigaren ynskja meir info om kva for planar som føreligg for eigedomen i høve til uttak av massar og tilbakeføring. NOBI har i etterkant av henvendinga tatt kontakt med grunneigar og forklart saka.

## 4. PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR

### 4.1 Statlege føringar

For planarbeidet er følgjande statlege planretningsliner (tidlegare rikspolitiske retningsliner) vurdert som aktuelle:

- SPR for samordna areal- og transportplanlegging
- SPR for klima og energiplanlegging
- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag
- Støyforskrift T-1442/16
- Laks- og innlandsfiskeleva
- Naturmangfaldslova
- Vassressurslova

### 4.2 Regionale føringar

Følgjande regionale planar er vurdert som aktuelle for plansaka:


- Regional klima- og energiplan 2014-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008

### 4.3 Overordna planar

#### **Kommuneplanen**

Området er i kommuneplanens arealdel (KPA 2015) avsett til følgjande føremål:


- Tenesteyting – noverande
- Råstoffutvinning - noverande
- Næringsverksemd – noverande
- Samf.anlegg og teknisk infrastruktur – noverande
- Friområde – noverande
- LNFR - noverande



Figur 4.2-1: Utsnitt frå kommuneplanen, planområdet er merka med svart stipla strek

#### **Temaplanar og andre kommunale dokument:**

- Kommuneplan 2015: Differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune
- Kommuneplan 2015: Temakart



Figur 4.2-2: Planområdet ligg vest for kjerneområde for landbruk på Bjørke, men overlappar kjerneområdet langs delar av bjørkemoen

#### **Kommunedelplanar**


Det er ingen kommunedelplanar i området.

#### 4.4 Gjeldende, tilgrensande og overlappende reguleringsplanar

Gjeldande plan		
PLANID	PLANNAVN	VEDTAKS-DATO
95004	Reguleringsplan for Bjørkemoen	30.09.1999

I reguleringsplanen for Bjørkemoen (sjå figur 4.4-1) er planområdet regulert til:

- Næringsverksemd
- Jordbruk/skogbruk
- Felles tilkomstveg og trafikkareal
- Naturvern
- Spesialområde masseuttak
- Byggeområde off. føremål, avfallsdeponi




Figur 4.4-1: Gjeldende reguleringsplan for Bjørkemoen (1999)

Tilgrensande plan		
PLANID	PLANNAVN	VEDTAKS-DATO
99008	Reguleringsplan for Bjørkevegen	31.08.2006
2014008	Avfallsmottak Bjørkemoen	16.03.2017
2015010	Bustader, Bjørkevegen	15.12.2016




Reguleringsplan for Bjørkemoen Avfallsverk (Indre Hordaland Miljøverk) vart vedteken i mars 2017. Planen regulerer renovasjonsanlegg, næringsbygg og kombinert renovasjonsanlegg/masseuttak. Plankartet er synt i figur 4.4-2.




Figur 4.4-2: Reguleringsplan for Bjørkemoen Avfallsmottak (2017)

Sydaust for planområdet er det regulert eit bustadfelt som vart vedtatt 15.12.2016. Plangrensa for Bjørke bustadfelt strekk seg vest for Bjørkevegen og overlappar delvis med føreslåtte plangrense for masseuttaket, jf. figur 4.3-3. Planen regulerer vassforsyningsanlegg på gnr. 158 bnr. 3. Plangrensa til massetaket er tilpassa denne planen.



Figur 4.4-3: Reguleringsplan for bustader ved Bjørkevegen (2016)

I 2006 vart det vedtatt plan for opprusting av Bjørkevegen. Planen Se figur 4.4-4.  
Planen vert delvis erstatta av reguleringsplanen for bustader ved Bjørkevegen.



Figur 4.4-4: Reguleringsplan for Bjørkevegen (2006)

#### 4.5 Pågåande planarbeid


Nordvest for Bjørkemoen pågår arbeid med områdereguleringsplan for Bømoen, Plan ID 08021.

## 5. EKSISTERANDE FORHOLD

### 5.1 Stad og avgrensing

Planområdet ligg på Bjørkemoen, jf. figur 5.1-1. Tilkomst til planområdet frå RV 13 Hardangervegen går via Bjørkevegen og Bjørkemoen.

Bjørkemoen avfallsverk og tilkomstvegen inn til dette frå Bjørkemoen set avgrensinga i nord. I vest er planområdet avgrensa av Raundalselvi. Elvane Kvisli og Horgjolo markerar plangrensa mot syd, og mot aust går plangrensa til og med Bjørkemoen. Næraste nabo i nord er Bjørkemoen avfallsverk. Planområdet er om lag 640 dekar stort.











Figur 5.1-1: Planområdet er merka med svart stipla strek

### 5.2 Arealbruk i dag og tilstøytande arealbruk

Anlegget til NOBI på Bjørkemoen består av stasjonert knuse- og sikteanlegg, med tilhøyrande lagerområde for ferdigprodukt. Det er anlagt veg for uttransport av massar til kundar, som hovudsakeleg foregår med lastebilar.

Sand og grusressursen er eit lausmassetak. Drift på mineralske råstoff er regulert av minerallova.

NOBI Voss AS		<p>NOBI Voss driv sandtak lokalisert på Bjørke, Voss. Her produserast dei fleste fraksjonar innan sand, grus og singel/pukk. På staden er det stasjonert knuseverk, samt mobilt sikteverk. Det blir sikta/knust omlag 200 000 t pr./år.</p>
Indre Hordaland Miljøverk (Bjørkemoen avfallsmottak)		<p>IHM arbeider med innsamling, til rettelegging av sorteringsløsningar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall. Administrasjonsbygget er plassert heilt i nord på området.</p>
NCC Roads AS		<p>NCC Roads AS sitt asfaltverk med tilgang til Voss Cement sitt sandtak. NCC produserer asfalt, pukk og grus.</p>
NAF øvingsbane		<p>Øvingsbane Voss er egna for alle typar køyrekurs. Øvingsbanen består av to løp.</p>

<p>Voss Bilberging</p> <p>Bjørke Bilopphogging</p>		<p>Begge verksemda held til på same adresse på Bjørkemoen. Voss Bilberging er operatør for NAF og Falck i Indre Hordaland og delar av Sogn og Fjordane. Bjørke bilopphogging driv med miljøsanering av køyretøy.</p>
<p>Bjørke Sandtak AS</p> <p>Flage Maskin AS</p>		<p>Begge verksemda held til i same bygning på Bjørkemoen. Bjørke Sandtak AS driv med utleie av eigedom, og Flage Maskin As er eitt av dei største entreprenørselskapa i distriktet med om lag 85 tilsette.</p>
<p>Ragn Sells AS</p>		<p>Ragn Sells AS held til vis a vis IHM, og driver med utleie av container og avfallshandtering.</p>
<p>Gardsdrift</p>		<p>Områda aust for planområdet er prega av gardsdrift og produksjon av fôr.</p>



### 5.3 Eksisterande busetnad i og rundt planområdet

Det er ingen busetnad innanfor planområdet, men i aust ligg det fleire gardsbruk og nokre bustader.

I tilknytning til anlegget ligg det også verkstad og nokon serviceinstallasjonar.



Nærmaste nabo syd for massetaket er Hardangervegen 482, som ligg om lag 100 meter syd for Raundalselvi.


### 5.4 Grunneigarforhold/Privatrettsleg avtale

Den største eigeiendommen innanfor planområdet er gardsnummer 158, bruksnummer 3. Den største delen av massetaket ligg på denne tomta. Grunneigar av gnr. 158, bnr. 3 er Jostein Bjørke. NOBI Voss AS har rett til å drive ut sand/grus ressursen på gnr. 158, bnr. 3 etter avtale med Jostein Bjørke datert 04.12.1970 og andre tillegg til avtalen, den siste datert 01.10.2012.


NOBI har også avtale med grunneigar Bjørke Sandtak AS datert 18.12.2001 og tillegg til avtale datert 20.06.2014 om uttak av massar på gnr. 158, bnr. 20.

### 5.5 Topografi og landskapstrekk

Bjørkemoen og Bømoen vest for Raundalselvi er flate og består i hovudsak av breelavsetningar. Landskapet ved NOBI Voss AS sitt masseuttak er i stor grad prega av mange år med drift av masseuttak, og Raundalselvi skapar eit skarpt skilje mellom Bømoen og Bjørkemoen, jf. figur 5.6-1. I sør har Kvisli og Horgjolo greve ut sine elvekanalar og markerar ei naturlig grense.




**Figur 5.6-1: Høgdelagskart som synar topografien i området. Planområdet slik det vart varsla er markert med svart stipla strek**



**Figur 5.6-2: Landskapet er prega av langvarig drift av masseuttak**





**Figur 5.6-3: Terrengets himmelretningar er også prega av langvarig masseuttak**

Bømoen vest for elva består i hovudsak av skogsområde og på Bjørkemoen aust for elva er landskapet prega av landruk, masseuttak, næringsverksemd og NAF si øvingsbane.

Gardsverksemd med beitemark og produksjon av fôr set sitt preg på landskapet i dalsidene i aust. Nord for planområdet er eit tidlegare masseuttak tilbakeført til landbruk, jf. figur 5.6-4.



**Figur 5.6-4: Masseuttak som er tilbakeført til jordbruk**



**Figur 5.6-5: Produksjon av fôr langs Bjørkemoen**

Det er eit belte med skog langs elvane og landsbruksområde syd for Kvisli.

## 5.6 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturminne, fornminne eller SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Planområdet er i stor grad nytta til masseuttak og lagring av massar, og dermed er det lite sannsynleg å avdekke nye kulturminne.

Bømoen leir ligg like på andre sida av Raundalselvi. I samband med ny områdeplan for Bømoen går det føre seg arbeid med konsekvensutgreiingar, mellom anna for deltema kulturminne og kulturmiljø. Kulturmiljøet rundt Bømoen leir er vurdert til å ha stor verdi og deler av kulturmiljøet er freda.

Innanfor forslag til planområdet for NOBI AS er området mellom 50-meters- og 100-metersbeltet langs Raundalselvi regulert til LNF og skogen her kan fjernast. Området i 50-meters beltet langs elva er i gjeldande reguleringsplan regulert til naturvern med omsynssone mot verna vassdrag. Her er det restriksjonar for hogst. Nærleik til kulturminne og kulturmiljø er omtala under verknader av planframlegget, jf. 7.8.

## 5.7 Naturverdiar


Konsekvensar for naturmangfald er nærmare omtalt i planframleggets konsekvensutgreiing, sjå vedlegg 1.

### Kunnskapsgrunnlag og planen si verknad, jf. NML §§ 8 og 9

Planområdet består i hovudsak av eit masseuttak med stor aktivitet og mykje lagring av massar. Det finnst lite naturlig vegetasjon bortsett frå unge trer som veks i lausmassar som ligg i ro over fleire år, gras og kantvegetasjon langsytterkantane av masseuttaket, og vegetasjon langs elvene.

Kringliggjande areal er nytta som deponi, øvingsbane og næringsverksemd utan spesielle kvaliteter for naturmangfald. Raundalselvi renn langsmed planområdet i vest, og er eit verna vassdrag. I sør utgjer Kvisli og Horgjolo naturleg avgrensing av planområdet.

Det synast ut frå dette som rimeleg at influensområdet settast lik planområdet i vurderingane av planverknad for naturmangfald.



**Figur 5.8-1: Raundalselvi sett mot nord**

Det føreligg ingen registreringar av viktige naturtypar, utvalde naturtypar (jf. nml. §52) eller prioriterte artar (jf. nml. §23) i eller nær planområdet i relevante nasjonale databasar (Naturbase og Artsdatabanken). Det føreligg registreringar av fuglar (NT) nord i planområdet, men det er innanfor eit allereie utbygd område som har hatt aktivitet i mange år.

Raundalselvi er eit verna vassdrag med vandrande laksefisk, og renn langs vestre del av planområdet.



**Figur 5.8-2: Kvisli sett mot aust**

Planområdet er oversiktleg, og det er særst lita uvisse knytt til kunnskapen om naturmangfaldet.

Planverknad for naturmiljø, jf. nml. §8, vurderast på denne bakgrunn som lita/ingen. Kunnskapsgrunnlaget synast å være tilfredsstillande, med liten uvisse. På denne bakgrunn ser vi på det som ikkje å vere behov for å vektlegge føre-var prinsippet, jf. nml. §9, i saken.

#### Samla belastning, jf. NML §10

Føreliggande plan synast ikkje å bidra til nemneverdig auka belastning av naturmangfaldet i planområdet. Vi er ikkje kjent med at det føreligg andre planar i nærleiken som på sikt vil kunne bidra til å auke den samla belastninga på naturmangfaldet i planområdet.

#### Miljøoppfølging og driftsmetodar, jf. NML §§11 og 12

Realisering av planen vil følgje gjeldande lover og krav for byggetiltak. Det er ikkje særskild risiko for forureining som følgje av realisering av planen.

#### Alternativ lokalisering, jf. NML. § 12

Planområdet er avgrensa, og gitt ut frå eigedomsforhold. Det er ikkje vurdert alternativ lokalisering.

### **5.8 Solforhold**

Det er gode solforhold i planområdet, men er ikkje relevant for planlagd bruk i planframlegget.

### **5.9 Grøne interesser**

Det er lite samanhengande grønstruktur innanfor planområdet, og berre langs Raundalselvi og kvisli er den tilgjengeleg. Bratt terreng ned mot elva gjer derimot området vanskeleg å nytte.


Det er tilrettelagt med fortau langs delar av Bjørkevegen, men ikkje tilrettelagt for sykkel frå riksveg 13 og inn til planområdet. Næraste busshaldeplass er Mønshaugen ved riksveg 13, ca. 1,5 km frå miljøverket.

### **5.10 Veg- og trafikktilhøve**

Tilkomst til området går nord frå riksveg 13 via dei kommunale vegane Bjørkevegen og Bjørkemoen. Delar av Bjørkevegen har nyleg vorte utvida og fått fortau langs austsida av vegen får brua over og til krysset mellom Bjørkevegen og Bjørkemoen.

I dag nyttar NOBI tilkomstvegen til Bjørke Sandtak, sjå figur 5.10-1.

Innkjørselen som i dag ligg på grensa mellom bnr. 3 og bnr. 5, er ikkje i bruk, men det er i dette området det skal planleggast ein ny tilkomstveg til massetaket.



Figur 5.10-1: Veginfrastruktur.

#### Trafikkmengde

Det er ingen informasjon om ÅDT for Bjørkevegen og Bjørkemoen i Nasjonal vegdatabase (NVDB). Ved riksveg 13 er det en ÅDT på 5 800 vest for krysset inn til Bjørkevegen, og 4 800 aust for krysset. Tala er frå 2015.

Tunge køyrety utgjer 14% av den samla trafikken til og frå planområdet.

#### Fartsgrense

Fartsgrensen innanfor planområdet er 50 km/t. Bjørkemoen er skilta med midlertidig fartsgrense på 50 km/t og Bjørkevegen med 30 km/t.

#### Trafikkulykker

Det er inga registrerte trafikkulukker i eller i nærleiken av planområdet i NVDB. Den næraste registrerte ulukka er frå 1978 i den gamle Hardangervegen sør for Bjørkevegen.

### 5.11 Offentleg kommunikasjon

Det er ingen offentleg kommunikasjon inn til planområdet. Næraste busshaldeplass er Mønshaugen ved riksveg 13. Linjene 925, 945, 951 og 955 stopper her.

### 5.12 Parkering

Retningslinja for parkeringsdekning seier ingenting om masseuttak, og dei andre formåla som er omtala er ikkje passande for masseuttak.

Dei tilsette parkerer i dag inne på området. Kundar som kjem for å kjøpe massar vert berre verande inne på masseuttaket i kort tid.

Det vert vurdert slik at det ikkje er hensiktsmessig å oppgje eit tal på parkeringsplassar for masseuttaket.

### 5.13 Barn sine interesser

Størstedelen av planområdet er ikkje open for fri ferding, og det er ingen organiserte eller uorganiserte aktivitetar i nærområdet bortsett frå i Raundalselvi. Det er eit smalt friområde langs Raundalselvi, Kvisli og Horgjolo, men det er lite tilgjengeleg og har ingen fast bruk i dag.

### 5.14 Sosial infrastruktur


Det er verken skule, barnehage eller andre kommunale tenestar i nærleiken av planområdet.

### 5.15 Støy

Det viktigaste støykjeldene i og kring planområdet er vegtrafikk langs Bjørkemovegen, støy frå knusemaskinen i massetaket og generell støy frå dei øvrige verksemdene i området (øvingsbane NAF, Avfallsmottak, bilopphuggeri, asfaltverk m.fl.).

### 5.16 Teknisk infrastruktur

NOBI nyttar eige brønn for drikkevatt som ligg omtrent midt i masseuttaket.



Figur 5.16-1: Djupvassbrønn i masseuttaket.

## 5.17 Energi

Det er ingen særskilde tilhøve knytt til energi. Straum vert nytta i alle driftsbygningar, og alle maskinar og køyrety nyttar drivstoff.

## 5.18 Næring

Det er stor næringsverksemd på heile Bjørkemoen, og fleire av verksemdene har behov for meir areal. Masseuttak utgjer i areal den største aktiviteten på Bjørkemoen. Følgjande verksemdar har adresse på Bjørkemoen:



Figur 5.18-1: Bjørkemoen industriområde. Flage Maskin AS sitt skilt manglar.

## 5.19 Dagens massetak

Årleg produksjonsvolum er rundt 200 000 tonn pr. år.

Frå NOBI sin driftsplan:

*Kvaliteten på massane varierer noko, driftsplan omtalar dette. I tillegg er NOBI som leverandør av tilslag til bla. betong og asfalt underlagt strenge krav til eigenkontroll og ekstern kontroll av massane som blir brukt. NOBI har også årleg kontroll av Kontrollrådet som er sertifiseringsorgan. I følgje Direktoratet for Mineralforvaltning er Bjørkemoen er ein regional viktig ressurs.*

*Uttaksområdet blir klargjort ved at trær blir fælt og skogbotn blir avdekka og køyrt til anvist plass. Dette kan vere jordtipp som det er oppretta to av i området, eller ein utkant i området til mellombels lagring. NOBI har som mål å driva uttak mot ei uttaksgrensa for så å etablere ein permanent lagring av avdekkingsmassar når ressursen mot grensa er tatt ut. Avdekkingsmassane blir lagra hjå same grunneigar som dei er avdekka hjå.*

Det er knytta sterkt fokus på å heile tida utnytta ressursen i sandtaket best mogeleg. NOBIs mål er å ha fokus på tilstrekkeleg kvalitet på den vara me produserer. Etter mange års prøving, har NOBI enda opp med ein «mal» på dei ulike lagdelingane i stuffen, å kva det hovudsakeleg blir nytta til.

Skisse av lagdeling:



Røter/torv/lyng blir som nemnt tidlegare lagt på anvist plass.

«Kanellag»: Laget under røtene består i eit 30-40cm humushaldig sandlag, som har utsjånad som kanel. Derifrå ordet «kanellag». Laget har gode vekst forhold. Dette blir sikta og nytta til jordforbedring.

Sand/grus med mykje humusinnhald: I dette laget blir stein frå 8 mm og oppover tatt ut. Finstoff andelen blir nytta til jordforbedring og arrondering.

Sand/grus med mykje steininnhald: Det øverste delen av dette laget lir nytta til produksjon av veggrus. Elles blir det nytta til asfaltsand, som er ein stor del av årsproduksjonen vår.

Sand/grus med mindre steininnhald: Det siste laget består av mindre stein å finare sand enn dei øvrige laga. Her blir hovudsakeleg støypesand sikta ut. Mengda av støypesand har dei siste åra våre auka grunna stor eigenproduksjon av betong produkt. Ved produksjon av støypesand blir det blanda inn ca. 10% knust steinmjøl med fraksjon 0/2mm. Dette får å betre kornfordelinga/siktekurva i sanden, noko som aukar utnyttinggraden av null fraksjonar.

I kvart lag er det viktig å driva i front av ein viss lengde og høgde slik at ein får tilgang på fleire graderingar. Uttaket har dei siste åra vore aukande. Dette fører og til ein del storstein som ikkje går i knusaren på direkten. Denne blir lagt til sides å pigga til høveleg størrelse. Dette arbeidet blir gjort hovudsakeleg i vintermånadane.



## 6. SKILDING AV PLANFRAMLEGGET

### 6.1 Innleiing

Hovudintensjonen med reguleringsplanen er å utvide arealet til masseuttak som vart regulert i førre plan. Utvidinga går på bekostning av LNF-arealet som ligg mellom 100 og 50-metsbeltet frå elvane Raundalselvi og Kvisli. Planarbeidet skal synleggjere at utvidinga ikkje fører med seg vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Samstundes skal planen regulere dei areala som inngår i gjeldande reguleringsplan frå 1999 på nytt, med unntak av eigedomane som vart regulert i detaljreguleringsplan for Bjørkemoen avfallsverk i 2017 og arealet nord for Bjørkemoeven. Reguleringsføremåla frå 1999 er i stor grad ført vidare, men med nokon modifiseringar og endringar. Med anna er næringsområdet på bnr. 19, 20, 23, 24, 26 utvida noko mot vest, og areal regulert til felles trafikkareal og tilkomst er erstatta med ein ny tilkomstveg til massetaket.


I planframlegget er det lagt inn areal til samferdsleanlegg, slik at den kommunale vegen Bjørkemoen kan utvidast langs austsida av planområdet.

### 6.2 Reguleringsføremål

<b>REGULERINGSFØREMÅL (PBL §12-5)</b>	<b>FELTNAMN (jf. Kart)</b>	<b>STORLEIK (daa)</b>
<b>Bygningar og anlegg</b>		
Steinbrudd/masseuttak (1201)	BSM	294,49
Kombinerte byggje og anleggsføremål (1826)	BKB1/3	143,34
<b>Samferdselsanlegg og infrastruktur</b>		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (2001)	S	6,30
Veg (2010)	SV	2,25
Anna veggrunn – tekniske anlegg (2018)	SVT	2,44
Anna veggrunn – grøntareal (2019)	SVG	0,13
<b>Grønstruktur</b>		
Grønstruktur	G	0,30
<b>Landbruks-, natur- og friluftsføremål</b>		
LNFR areal for naudsynte tiltak for landbruk	L	40,18
Naturvern (5300)	LN	114,20
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</b>		
Naturområde i sjø og vassdrag (6610)	VNV	31,94
<b>Omsynssoner</b>		
Frisikt (140)		0,86

Flaumfare (320)		17,41
Høgspenningsanlegg (370)		17,65

**Tabell 6.2-1: Reguleringsføremål**



**Figur 6.2-1: Plankart, juni 2018**

### 6.3 Byggeføremål

Hovudføremålet er steinbrudd og massetak. Dette er ikkje eit tradisjonelt byggeføremål, sidan det ikkje skal oppførast nye, permanente bygg. Området skal etter avslutta uttak førast tilbake til landbruksføremål.

Planframlegget regulerer også fleire andre eigedomar som vert omfamna av reguleringsplanen frå 1999. Desse får same føremål som tidlegare – Kombinert motorsportanlegg/massetak og Lager/industri.

50-metersbeltet mellom massetaket og elvane er regulert til naturvern.

I aust er det regulert jordbruksareal.

### 6.3.1 Utnyttingsgrad og byggjehøgda

Det ligg ikkje føre konkrete planar for utvikling av nærings/industriområdet, men areala skal regulerast på nytt etter ynskje frå Voss kommune om ein heilskapleg reguleringsplan for Bjørkemoen.

Utnyttingsgrad er sett til 50 %-BYA for industriområda. Byggjehøgda er sett til 15 meter for BKB2 og BKB3. Piper og tekniske installasjonar på tak kan overstige denne høgda. Byggjehøgde på maks 9 meter gjeld for dei andre utbyggingsføremåla.

For massetaket BSM, er utnyttingsgrad sett til 5 %-BYA.

### 6.3.2 Byggjegrænse

Det er sett ei byggjegrænse for massetaket 100 meter frå elva. Den svarar til føremålsgrænse mellom massetak og LNF i gjeldande plan. Uttak av massar er ikkje avgrensa av byggjegrænser. Det er tillate å ta ut massar fram til føremålsgrænse, men det er presisert i føresegna at dersom føremålsgrænse skrider over eksisterande skråning mot Raundalselvi skal yttergrænse for massetaket avgrensast til topp skråning, ikkje føremålsgrænse. Dette for å unngå avrenning til elva, fare for graving frå elva samt at skråninga utgjør ein funksjon med omsyn til skjerming for viltkorridor med anna og samtidig har metr krevjande lågurtvegetasjon som har verdi i seg sjølv.

Innanfor plangrænse kan det etablerast byggverk til drifta, til dømes salgskontor, lager, driftsbygg m.a.

Byggjegrænse mot Bjørkemoen er sett til 15 meter.

### 6.4 Eigedomsgrep

Utvidinga av massetaket vil i hovudsak skje innanfor gnr. 158, bnr. 3, men også gnr. 109, bnr. 1, 4 og 11 får delar av tomte omregulert frå jordbruk til masseuttak. Uttak av massar på desse eigedomane vil settast i stand gjennom private avtalar.

### 6.5 Parkering

Planframlegget legg ikkje opp til ei endring av dagens parkeringssituasjon, men kommuneplanens norm for parkeringsdekning (1 parkeringsplass pr. 100 m<sup>2</sup> bruksareal) er lagt inn i føresegna for industri og lagerområda.

### 6.6 Trafikkareal og tilkomstveg

I samråd med Voss kommune er det regulert areal til framtidig utviding av vegen Bjørkemoen. Arealet er regulert med bredde 12 meter, med utviding mot aust i høve til dagens trasé. Vegarealet er gitt føremål samferdsel, S, slik at det inkluderer alle føremål knytt til veg med anna: Grøft, skjæring, fylling, rekkverk og køyrebane.

Vegen er ikkje prosjektert, og nøyaktig omfang av vegarealet er difor ikkje sett fast. Prosjektering vil gjennomførast i seinare fase.

Den kommunale vegen skal rustast opp gjennom eit spleiselag mellom Voss kommune og aktørar langs Bjørkemoen. Kommunen vil inngå utbyggingsavtale med kvar tiltakshavar langs vegen. NOBI vil vere ein av desse. I reguleringsføresegna er det knytt rekkjefølgjekrav til at

utbyggingsavtale skal vere signert av NOBI og Voss kommune før det kan takast ut massar frå nye uttaksområder som følgje av denne reguleringsplanen.

I planframlegget er det regulert ein ny tilkomstveg til massetaket. Traséen er valt med omsyn til eksisterande høgspenmast, eigedomsgrenser og arealbruk. Det er sett av areal til vegfylling mot eigdomsgrensa til gnr. 158, bnr. 5 med føremål anna veggrunn tekniske anlegg (SVT).


Den eksisterande vegen som går langs eigdomsgrensa mellom bnr. 3 og bnr. 5 skal ikkje nyttast. Denne skal stengast når ny avkjørsle er opparbeidd.

Vegen har bredde 7 meter inkludert skulder, stigning ca. 10 %. Det er regulert noko areal langs vegen til skjering/grøft/fylling, men det kan vere mindre avvik frå dette ved gjennomføring.



**Figur 6.6-1: Ny tilkomstveg til massetaket.**

Tilkomst til BKB2 skjer i dag via innkjørsel som går gjennom eksisterande bygg. Denne vart oppretta for at Bjørke Sandtak skulle ha oversikt med aktivitet på eige område inkludert uttak av massar ved overbygd kontrollstasjon med vekt om bom. Denne funksjonen er ikkje lengre aktuell og tilfredsstillar heller ikkje dagens dimensjonar. Difor er denne innkjørselen foreslått flytta 5,5 meter sør for bygget, med bredde 7 meter. Når ny innkjørsel vert opparbeidd skal eksisterande innkjørsel gjennom bygget stengast. Sjå figur 6.6-2.



**Figur 6.6-2: Søndre innkjørsel til BKB2 skal flyttast slik at den ligg utanfor eksisterande bygg. Kjelde: Bjørke Sandtak/Flage maskin**

### 6.6.1 Interne vegar for publikum og logistikk

Interne vegar er ikkje regulert, og vegtraséer i massetaket og industriområdene kan endrast ved behov uavhengig av reguleringsplanen.

## 6.7 Støy

I dag er det to primære støykjelder i området; pukkverket/knusemaskinen og lagringsområdet for masser som begge ligg innanfor dagens masseuttak (sjå figur 6.7.1). Desse støykjeldene skaper støynivå i raud sone ( $L_{den} > 65$  dB), men dei raudne sonene strekk seg ikkje utanfor massetaket. Øvrig aktivitet i massetaket ved normal drift genererer støy som ligg under 65 dB, men over 55 dB. Dette svarer til støy i gul sone.

Utvidinga vil ikkje gje auke i produksjonsvolum eller intensitet, og dei primære støykjeldene skal ikkje flyttast. Det vil sei at støyen frå massetaket ikkje vil verte høgare, men den gule støysona vil verte utvida i takt med utviding av massetaket.

I dag er det ikkje etablert særskilde skjermingstiltak mot støy, og det er avgrensa med kva avbøtande støyskjermingstiltak som er effektive for ein slik type verksemd.



**Figur 6.7-1: Knusemaskin og lagringsområde – dei to primære støykjeldene i massetaket.**

## 6.8 Universell utforming

Alle arbeids- og publikumsbygg skal ha universell utforming i høve til gjeldande teknisk forskrift.

## 6.9 Rekkjefølgje for uttak

I ein lausmasseforekomst som drifta foregår i, vil det vere knytta mange uforetsigbarheiter med tanke på kor mykje masse som blir henta ut ifrå den enkelte grunneigar. Det er mange faktorar som styrer uttaket i laupet av eit år. Dette kan mellom anna vere etterspurnad i marknaden, «harde» vintermånader, eller knusing av anna materiale frå eksterne aktørar/anlegg. Under uttak kan det også dukka opp sand/grus som ikkje held mål til vår produksjon. Ein kan då risikera at uttaket må skje på eit anna område enn først planlagt. For å dekkja opp noko av denne usikkerheita, vil det verte utført prøvegraving i områder der det er ønska å drive uttak. Kart, planar og mengder pr. planlagt uttaksperiode kan difor bli endra undervegs. På bakgrunn av dette ynskjer NOBI å ajourføra driftsplanane ein gong per 2. år. NOBI har også ein lengre plan som strekk seg til uttakets slutt som er delt inn i femårs-periodar. Innmålingar og redigering av plan verte gjort av eigen driftsteknikar som med fordel fylgjer uttaket og er med på den daglege drifta.

## 6.10 Tilbakeføring

Det ligg ikkje føre konkrete planar for korleis området skal nyttast når verksemda er fjerna. I utgangspunktet skal massetaket førast tilbake til landbruksområde når ressursane er tatt ut, og dette er sikra i føresegna. Det kan likevel vere aktuelt å bruke delar av området til lagringsplass

for massar også etter avslutta uttak. I føresegna er det lagt inn krav om at området skal vere tilbakeført innan en periode på 10 år etter avslutta drift.

På grunn av aukande etterspørsel etter industriområde på Voss, er det truleg at både grunneigar og Voss Kommune har interesse for delar av dette området. Ved knuseverket og oppbevaringa til ferdigvare er det område som enkelt kan opparbeidast til industriområde. På sikt kan det difor vere aktuelt at området vert nytta til busetnad, industri eller anna type bygningar, men dette vil krevje at det vert utarbeidd ein ny reguleringsplan for området.

Det skal fyllast tilbake opp til minimum kote 96,5 for felt BSM. Dette svarer til høgste berekna vasstand ved flaum, jf. omsynssone flaumfare langs vestsida av massetaket. Lengre nord skal lågaste nivå ikkje ligge lågare enn vasslina ved 200 års flaum +40% klimapåslag.

På gnr. 158 bnr. 3 er det i dag anlagt ein jord/masse-tipp i austenden av området. Dette med tanke på tilbakeføring av området. Det er naturleg at denne tippet fortsett i vestleg retning. Ein får då eit område som kan nyttast til jordbruksformål. Det er innført ei tippavgift ved levering av masse. Etersom det er stor aktivitet i nærområdet, har NOBI frå tid til anna fått inn relativt store mengder med overskotsmasse.

I den sørlege enden blir området arrondert og tilbakestillt i samråd med grunneigar. Skråningar skal ikkje vera brattare enn 1:6. Det kan nyttast finstoff/nullstoff til arrondering av skråningar.

NOBI sett av sperra midlar som er øremerka tilbakeføring. Dette bidrar til å sikre at området vert stelt i stand når verksemda ikkje lengre skal vere på Bjørkemoen.

### **6.11 Naturvernsoner**

I samband med konsekvensutgreiingsarbeidet vart det vurdert om naturvernsonen med breidde 50 meter, som regulert i gjeldande plan, er tilstrekkeleg. Konklusjonen er at 50 meter synast å vere tilstrekkeleg. For å ivareta kantsonas funksjon i høve til å trygge vassdraget mot erosjon og oppta avrenning frå tilgrensande områda og samstundes bevare kantsonas funksjon som viltkorridor, tilhøyrande naturtyper og leveområde for sårbare arter bør den ikkje vere under 30 meter langs Kvisli og 50 meter langs Raundalselvi. Den bør følgje terrengets form ift. minste breidde slik at kantsona i bredden alltid strekk seg til og med langsgåande elveterrasse mot massetaket. Naturvernsoner er sett til 50 meter også mot Kvisli for å sikre omsyn/fjernverknad til naboar og omgjevnader.

## 7. VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

### 7.1 Overordna planar

#### Regional klima- og energiplan 2014-2030

Halvparten av klimagassutsleppa i Hordaland kjem frå transport, når olje og gassverksemda ikkje er medrekna. Det er eit mål om 30 % reduksjon av klimagassutsleppa innan 2030.

Tunge køyrety (m.a. lastebilar) sår for ca. 25 % av utsleppa frå vegtrafikken i fylket. Det meste av dette utsleppet er knytt til næringstrafikk.

Planframlegget mogleggjer ei utvida drift av massetaket. Dette inneber at det vil vere vegtransport med lastebil til og frå massetaket i 7-8 år lenger enn om utvidinga ikkje hadde funnet stad.

Det er ikkje like mykje spillerom for reduksjon av næringstrafikk som for persontransport. Klima- og energiplanen skisserar ein rekkje strategiar for korleis ein kan avgrense utslepp frå persontransport/lette køyrety, men desse kan i mindre grad relaterast til trafikken som er aktuell i denne saka.

Utvidinga vil i utgangspunktet ikkje intensivere drifta av massetaket. Det vil sei at det ikkje vil bli meir trafikk pr. døgn enn dagens situasjon.

I høve til overordna utslepp frå trafikk som følgje av næringa som heilskap så kan det tvert om vere mindre gunstig å ikkje utvide dagens massetak. Dersom massetaket ikkje vert utvida kan det føre med seg behov for at massar må takast ut og hentast frå andre sandtak, som er mindre sentralt lokalisert. Dette kan føre med seg at transportdistansane vert lengre.

### 7.2 Eksisterande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan frå 1999 vil i stor grad verte erstatta av denne planen. Likevel er det mange av føremåla og intensjonane i 1999-planen som vert ført vidare.

Hovudendinga av planen er at føremål for masseuttak er utvida slik at det også famnar om området mellom 100 og 50-metersbeltet frå elvane.

Endringane er i all hovudsak som følgjer:

- Det er lagt inn omsynssone flaum og høgspent.
- Område regulert til Næringsverksemd (industri/lager) er utvida mot vest, fram til plangrensa for reguleringsplan for Bjørkemoen avfallsmottak.
- Byggjeføremål har fått utnytingsgrad.
- Oppdatering av reguleringsføresegner.
- Avsett breiare areal til Bjørkemovegen.

### 7.3 Estetikk

Områdets estetiske uttrykk er prega av drifta som har føregått på området i ein årrekkje. Dei nye areala som skal nyttast til masseuttak har ikkje viktige kvalitetar i form av verken form eller funksjon.

Nytt areal for sandtak skal ikkje byggast ut med høge mastar eller konstruksjonar.

Naturvernbeltet mot elvane skal førast vidare. Her finn ein vegetasjon og store trær som har ein viktig funksjon som buffer mellom massetaket og områda omkring.



Fjernverknadane som følgje av massetaksutvidinga vil vere avgrensa.

#### **7.4 Landskap**

Ein større andel av Bjørkemoen vil verte nytta til uttak av massar.

#### **7.5 Ytre miljø, vatn og vassdrag**

Sjå konsekvensutgreiing, vedlegg 1. Utvidinga vil ikkje gje vesentlege konsekvensar for verneverdi av vassdrag.

##### **7.5.1 Grunnvatn**

Sjå konsekvensutgreiing, vedlegg 1. Utvidinga vil ikkje gje vesentlege konsekvensar for grunnvatn.

#### **7.6 Naturmangfald**

Sjå konsekvensutgreiing, vedlegg 1. Utvidinga vil ikkje gje vesentlege konsekvensar for naturmangfald.

#### **7.7 Konsekvensar for naboar (støy, støv, trafikk og liknande.)**

Det er spreidd busetnad i området utanom uttaksgrensene. Dei nærmaste husa som kan verte rørt av støy og støv frå knuseanlegget, ligg mellom 350-600 meter frå massetaket. Det er furuskog og elveleie mellom anlegget og busetnaden, noko som gjer at det vert minimalt med støy og støv. Det vert installert vatnsprepar/dyser for støvdemping.

Sandtaket har aldri motteke motsegn i høve til støy/støv sidan starten i 1956, men ved varsel om oppstart av dette planarbeidet kom det inn ein merknad frå Hardangervegen 482 der merknadsstillar gjorde merksam på at dei har vært rørt av tidvis intens støy frå anlegget, og at massetaket jamt over genererer ein del støy. Merknadsstillar ynskjer at driftstid vert regulert.

Hardangervegen 482 er nærmaste nabo, og truleg den som vert mest utsett for støy frå verksemda. Huset ligg i dag ca. 220 meter frå ytterkant av massetaket. Ved utviding av massetaket vil avstand frå yttergrense massetak til bustaden reduserast med om lag 50 meter, slik at den blir ca. 170 meter. Avstanden til dei primære støykjeldene (ca. 350 meter), knusemaskin og lagringsområdet, vil ikkje verte endra.

Den mest intense støyen merknadsstiller har opplevd er med all sannsyn når det vert pigga storstein på toppen av massetaket. Dette er ein aktivitet som føregår frå tid til annan, men skal trappast ned i framtida.

Sidan dei primære støykjeldene ikkje vil kome nærmare naboane som følgje av utvidinga av massetaket, vil konsekvensane med omsyn til støy frå desse vere uendra. Ein reduksjon av avstanden til sjølve uttaksområdet på ca. 50 m vil ikkje gje merkbar endring i støvsituasjonene for desse bustadene.


Støyskjermingsforhold vil ikkje endrast som følgje av utvidinga, men det er lagt inn restriksjonar på driftstid i reguleringsføresegna (kvardagar 07 – 18 og laurdag 08 – 15). Driftstida er sett i tråd med driftstider for liknande anlegg (t.d. Møn). I motsetning til Møn vert det ikkje utført sprengingsarbeider på Bjørkemoen. Utvidinga vil i liten grad føre til at vegetasjon vert fjerna, slik at den effekten vegetasjon har mot støy i dag ikkje vil verte endra.

## 7.8 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nokon kulturminna i området. Dersom det vert funne automatisk freda kulturminne innanfor det regulerte området i samband med arbeid i terreng, skal arbeidet straks stansast i den grad arbeidet får følgjer for kulturminna eller deira sikringssone på 5 meter, jf. Kulturminnelovens § 8.

Det som kanskje er mest interessant i eit kultuminneperspektiv er om tiltaket vil ha vesentlege verknader for kulturmiljøet på Bømoen gjennom fjernverknad for kulturmiljøet på Bømoen. Bømoen ligg nordvest for planområdet, på den andre sida av Raundalselvi. Bømoen har varierte og unike kulturminner og kulturmiljø.

Utvidinga av massetaket vil føre til at massetaket kjem nærmare Bømoen. I figur 7.8-1 er det synt omtrentleg korleis massetaket vil verte utvida i vestre del av Bjørkemoen.



**Figur 7.8-1 Oversiktsfoto med skravert utvidelse mot vest. Kjelde foto: NOBI Voss.**

I dag er det eit skogkledd område langs Raundalselvi som fungerer som ein buffer mellom Bømoen og Bjørkemoen. Vegetasjonen og topografien rundt massetaket gjer at det er lite synleg frå Bømoen og Kajakklubben. Delar av denne skogen vil fjernast ved massetaketutvidinga, men det vil framleis vere eit skogkledd belte med minimum 50 meters breidde, slik at det ikkje vil vere meir innsyn enn i dag. Figur 7.8.2-3 syner dagens situasjon.



**Figur 7.8-2** Massetaket er i dag ikkje synleg frå Kayak Voss.



**Figur 7.8-3** Massetaket er i dag lite synleg frå Bømoen.

Dei visuelle konsekvensane i høve til fjernverknad for Bømoen kulturmiljø er vurdert som mindre omfattande. Dette heng saman med følgjande:

- Det er i dag eit etablert massetak på Bjørkemoen som har satt sitt preg på området og som allereie har ein viss fjernverknad for Bømoen, men grunna vegetasjon er det ikkje særskilt synleg frå Bømoen leir.
- Utvidinga av massetak skal i all hovudsak skje i områda der det i dag er avgrensa med vegetasjon.

- Verknadane vil vere midlertidige. Når massane er tatt ut skal området tilbakeførast.

### **7.9 Friluftsliv, naturområde, barn og unge sine interesser i planområdet**

Tiltaka får ikkje vesentlege konsekvensar for naturområde langs Raundalselva, og det er ikkje planlagt nye tiltak innanfor føremålet naturvern langs elva.

Barn og unge sine interesser vert uendra. Generelt er området er særst lite nytta til friluftsliv.

### **7.10 Risiko og sårbarheit**

Det er generelt låg risiko i området, men det fleire tilhøve som må takast omsyn til både i planarbeidet og drifta av massetaket.

Det er ikkje identifisert hendingar i raud risikoklasse.

I denne saka skal det lagast ein reguleringsplan som opnar for at eit eksisterande massetaket kan utvidast mot sør. Dei vil sei at dei fleste risikoane knytt til tiltaket allereie er til stade i dag. Nokon av risikoane som er identifisert kan ein i praksis i lita grad kan gardere seg mot, som til dømes sterk vind. Andre risiko som er til stade, men som ein ikkje kan gardere seg 100 % mot, er til dømes støy, trafikkulukker, brann.

I høve til arbeidet med reguleringsplanen anbefaler ROS-analysen følgjande avbøtande tiltak:

- Flaumsone, basert på flaumanalyse, bør leggst inn i reguleringsplankartet. Denne synar vasstanden ved flaum og kor ein bør avgrense etablering av nye bygningar.
- Omsynssone høgspenst som synar sikringssone kor ein med anna ikkje bør plassere bygg for varig opphald.
- Naturvernsona mellom massetaket og elvane er eit viktig element for ikkje å skade naturmangfaldet og verneverdier i vassdrag. Denne bør førast vidare.
- Vegtilkomst til massetaket frå Bjørkemovegen bør leggst inn i plankartet.
- Føresegna bør regulere driftstid for massetaket i høve til støyforureining.

Generelt vil driftsplanen til massetaket, som skal reviderast kvart andre år, omtale avbøtande tiltak i høve til drifta av massetaket.

### **7.11 Trafikkforhold og trafikktryggleik**

Det er regulert ein ny tilkomstveg til massetaket, slik at transport til og frå massetaket vert skild frå øvrig trafikk inn til næringsområdet på Bjørkemoen.

Trafikksituasjonen i form av ÅDT og type køyrety vil ikkje verte endra som følgje av realisering av planframlegget.

### **7.12 Universell utforming**

Tiltaka får ingen konsekvensar for tilgjenge.

### **7.13 Teknisk infrastruktur**

Tiltaka får ingen konsekvens for teknisk infrastruktur, eksisterande infrastruktur knytt til straum vert nytta.

#### **7.14 Juridiske og økonomiske konsekvensar for kommunen**

Reguleringsplanen medfører ingen kjende negative juridiske eller økonomiske konsekvensar for Voss kommune.

#### **7.15 Konsekvensar for næringsinteresser**

Ingen særskilde konsekvensar. Utvida massetak vil sikra vidare drift av massetaket i fleire år fram i tid, som i seg sjølv er positivt for næringslivet.

**Voss kommune**

# **Planomtale for detaljreguleringsplan Bjørkemoen masseuttak, planident 2015013**

Utarbeidd av: Rambøll

Forslag datert: 12.12.2017 - revidert: 11.04.2018.

Sist revisjon av plankart, føresegner og planomtale 14.06.18 i samsvar med vedtak i KST

Vedtatt i Voss kommunestyre 14.06.2018, sak 23/18

Sign:.....

Arkivsak i Voss kommune: 15/03143

Sakstittel: Detaljreguleringsplan for Bjørkemoen masseuttak PlanID: 2015013

Saksbehandlar i Voss kommune:

Sign:.....

## **Saksbehandling:**

- Oppstartsmøte 29.10.15
- Kunngjøring av planarbeid 23.11.16
- Vedtak i FPL om utlegging av plan til offentlig ettersyn 21.12.17, sak 70/17
- Utlegging til offentlig ettersyn frå 06.01.18 til 19.02.18
- 2.gongs handsaming i FPL den 31.05.18, sak 30/18
- Vedtak i KST om godkjent plan den 14.06.18, sak 23/18
- Kunngjering av godkjent plan – Hordaland avisa den 23.06.18

## 8. UTTALER OG MERKNADER

### 8.1 Uttaler og merknader ved igangsetting av planarbeidet

#### Fylkesmannen i Hordaland v/Christian Johan Alstad, datert 19.01.2017

1. Fylkesmannen tek atterhald om at konsekvensutgreiinga tydeleg kan dokumentere at planarbeidet ikkje vil medføre vesentlege negative verknader for miljø og samfunn.
2. Fylkesmannen er nøgd med at kommunen har avgjort at planarbeidet skal konsekvensutgreiast.
3. Utgreiingstema støv, støy og avrenning til vassdrag frå mineralutvinning kan vere forureinande. Det vil difor kunne vere aktuelt å sette vilkår til verksemda i form av løyve frå Fylkesmannen som sektormyndigheit etter forureiningslova.
4. Risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.
5. Delar av planområdet ligg på tidlegare deponi. Planarbeidet må difor undersøke eventuell byggegrunn for m.a. setningar, gassar, overvatn og sigevatn.
6. Vi er nøgd med at det skal gjennomførast ein flaumanalyse som skal setje krav knytt til sikringssoner for flaum langs Raundalselvi.
7. Vi rår til ei feltvis uttaking av massar, og at reguleringsføresegnene stiller rekkefølgjekrav om tilbakeføring/tildekking før ein startar opp drift av neste felt.
8. Vi legg til grunn at naturvernsona langs Raundalselvi og Kvisli skal vidareførast med same breidde som i gjeldande plan, jf. planprogrammet s. 13. Det naturlege vegetasjonsbeltet langs vassdrag må sikrast, jf. vassressurslova § 11.
9. Det må også settast av tilstrekkelege buffersoner mot bustadområda utanfor planområdet.
10. Vi minner til sist om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

#### *Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Konsekvensutgreiing er gjennomført. Konklusjonen er at utviding av massetaket i tråd med planframlegget ikkje vil føre med seg særskilde negative konsekvensar.*
2. *Tatt til etterretning.*
3. *Tatt til etterretning. Uttak skal drivast i høve til forureiningsforskriftas kapittel 30. Støy frå uttaket skal handterast i høve til forureiningsforskriftas §§ 30-7 og 30-9. Støv frå uttaket skal handterast i høve til forureiningsforskriftas §§ 30-5 og 30-9. Utviding av massetaket vil ikkje gje meir støy og støv – men drifta vil kunne forlengast med fleire år.*
4. *Tatt til følgje. Flaumsona, høgspent og frisikt kjem fram av plankartet. Avbøtande tiltak er omtalt i føresegna.*
5. *Tidlegare deponi ligg innanfor føremål BKB2. Det er ikkje lagt opp til at det skal takast ut masser frå dette området.*
6. *Tatt til etterretning.*
7. *Plan for uttak av massar, herunder kor og når massane skal takast ut vil fastsettast gjennom driftsplan.*
8. *Naturvernbeltet er ført vidare i dette planframlegget. Det er for øvrig gjennomført konsekvensutgreiing som syner at ei utviding av massetaket ikkje vil føre med seg sær negative konsekvensar for naturmangfald.*
9. *Utvidinga av massetaket vil skje mot syd, og syd for planområdet er det i dag svært få bustader.*
10. *Naturmangfald er utgreia i planframlegget.*

#### Hordaland Fylkeskommune v/Per Normark, datert 17.01.2017

1. Det er uheldig at det vert planlagt i strid med nyleg vedteken kommuneplan.
2. Vi tilrår elles at det i prosessen vert arrangert eit grendamøte eller liknande med presentasjon av, og dialog omkring forslag til plan.
3. Det bør i planomtalen vera med ein omtale av transportbehov, type køyrety, frekvens og driftstid på døgnet, og evt. variasjonar i drifta gjennom året.
4. Omsyn til friluftsliv må vera tema i planskildringa.
5. Det bør i planskildringa vera ein tydeleg omtale av støy og støykjelder med relevante illustrasjonar.

6. Planen bør ha med informasjon om driftsforhold, t.d. når knuseverk kan gå, når transport kan gå føre seg m.m.
7. Planomtalen må ha konkret omtale og vurdering av Regional klima- og energiplan.
8. Vi saknar og tilrår ein grundig omtale av landskapseffektar gjennom driftsperioden, og ikkje minst omtale av tilrettelegging for etterbruk. Planarbeidet bør visa korleis uttak skal gjennomførast, t.d. med uttakssoner, deponiområde, rekkefølge for tiltak og bruksmåte, tidsperspektiv/tidsfasar m.m.
9. Det bør og visast korleis det skal arbeidast planmessig med å tilbakeføra området, t.d. med soner, rekkefølge og tidsplan for tilbakeføring. Kvalitet og aktuell bruksmåte for tilbakeført areal bør og omtalast.

*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Tatt til etterretning.*
2. *Det er ikkje arrangert grendamøte for planframlegget. Dette er med bakgrunn i at planen ikkje legg opp til vesentlege endringar av arealbruk, tiltak og verksemder i området. Det er undervegs i planprosessen oppretta dialog med fleire av grunneigarane i området.*
3. *Det er i all hovudsak lastebilar som hentar massar frå uttaket. Frekvens varierer ut frå årstid. Det føreligg ikkje trafikkteilingar. Utvida massetak skal i utgangspunktet ikkje gje auka gjennomsnittleg ÅDT frå massetaket.*
4. *Omtalt i kap. 7.7.*
5. *Omtalt i kap. 7.9.*
6. *Driftstider er regulert i føresegnas § 5.1.5.*
7. *Tatt til følge. Omtalt i kap. 7.1.*
8. *Tatt til etterretning. Grensesnitt mot driftsplan. Uttaksplan skal utarbeidast i samråd med direktoratet for mineralforvaltning.*
9. *Dette kjem fram av driftsplan.*

Direktoratet for mineralforvaltning v/Inger Anne Ryen, datert 02.01.2017

1. Førekomsten på Bjørkemoen er ein regionalt viktig ressurs. Vi saknar opplysingar om berekna totalt uttaksvolum og forventa årleg uttaksvolum - dette bør inngå i planforslaget.
2. Behov for sikringstiltak vil fastsettast i driftsplan, men det er viktig at ein allereie i reguleringsplan sett av tilstrekkelig areal for dette. Sikringstiltak bør leggjast i ein eigen sikringssone der det er mogeleg å fjerne vegetasjonen.
3. Krav til korleis området skal settast i stand når uttaket er ferdig vil bli teken hand om i driftsplan, men dersom kommunen har nokre tankar om etterbruk bør kommunen nytte reguleringsplanen til å få på plass dette.
4. DMF gjer merksam på at dersom det ikkje ligg føre ein gyldig konsesjon for området som vert utvida, skal konsesjon med driftsplan etter minerallova § 43 vere innvilga før uttak i området kan iverksettast.

*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *NOBI Voss utarbeidar driftsplan med jamne mellomrom. I driftsplanen kjem desse opplysningane fram. Driftsplanen handsamast og godkjennast av DIRMIN.*
2. *Tatt til etterretning.*
3. *Tatt til etterretning.*
4. *Dette vil følgjast opp av NOBI Voss AS.*

Statens vegvesen v/Hilde Gunn Stenseth, datert 20.01.2017

1. Føreset at all transport til/frå masseuttaket skal skje via eksisterande kryss mellom Rv 13 og kommunal veg i Mønshaugen.
2. Statens vegvesen vil minna om at det ligg bustadar i området langs den kommunale vegen. Under arbeidet med utarbeiding av reguleringsplanen er det særleg viktig å vurdere og ta omsyn til trafikktryggleiken.

..



*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Tatt til etterretning. Trafikksituasjonen vil ikkje verte endra som følgje av utvida areal for uttak av massar, men drift av massetaket vil forlengast med fleire år.*
2. *Tatt til etterretning.*

#### Norges Vassdrags og Energidirektorat v/Toralf Otnes, datert 20.01.2017

1. *Legg til grunn at planen ikkje vil medføre direkte inngrep i vassdraget. NVE rår til at arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6, vert nytta til å merke vassstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til "Natur og friluftsliv". I følgje vassressurslova §11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsetast i reguleringsplanen. Vi vil tru at med den verksemda som det vert lagt opp til vil det vere naudsynt med ei brei, urørd sone langs vassdraget.*
2. *Uttaket må avsluttast slik at terrengnivået ikkje kjem lågare enn vasslina ved stor flaumar. Dette gjeld både flaum frå Raundalselvi og Kvisli. Vi meiner det i alle fall må avsluttast over nivå for 200 år flaum + 40 % klimapåslag. Legg ein seg over 1000 års flaum +40% vil dette gi utvida bruksområde i høve til eventuell etterbruk. Areal under vasslina ved store flaumar bør ikkje blottleggast slik at ein aukar risikoen for erosjon.*

*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Det skal ikkje gjerast tiltak i vassdraget. Flaumsone langs Raundalselvi er lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegn.*
2. *Vasslina ved store flaumar varierer langs elva. Det er sett krav om at tilbakeført nivå ikkje skal ligge under kote 96,5, eller lågare enn vassline ved 200 års flaum +40% klimapåslag. Generelt stiger terrenget fleire meter frå elvane til området flatar ut. Høgdeforskjellen mellom elva Kvisli og utvida uttaksgrenser for massetaket er over 6 meter.*

#### Tove og Rudolf Zwartjes, Hardangerveien 482, Gnr./bnr. 185/6, datert 02.01.2017

1. *Har tidlegare skrive under på at arbeidet med masseuttak skal kunne utvidast med 60m i retning vår eigedom. Vi går da ut frå at denne avstanden ikkje vert overskriden.*
2. *Vi bed instendig om at den tynne rekkja med tre og småbusker som har vorte stånde att langs Kvisli på Bømosida, kan få verta stånde avdi dette er ei kjærkomen og ellers einaste skjerming mot området for uttaket.*
3. *Då vi til sine tider har vore plaga av intens støy frå området og det jamnt over er støyande verksemd, bed vi om at ein freistar å halde seg til vanleg arbeidstid.*

*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Utvidinga av massetaket vil vere ca. 50 meter i retning av merknadsstillars eigedom, i høve til tidlegare regulert areal.*
2. *Tatt til følgje. Naturvernbelte med vegetasjon skal førast vidare.*
3. *Tatt til etterretning. For ein tid tilbake siden vart det pigga storstein på toppen av uttaket. Denne aktiviteten vil foregå frå tid til anna, men i mindre grad fremover. Dei primære støykjeldene i massetaket skal ikkje flyttast. I reguleringsføresegna er det lagt inn restriksjonar for driftstid.*

## **8.2 Uttaler og merknader til planprogram**

#### Fylkesmannen i Hordaland v/Christian Johan Alstad, datert 19.01.2017

1. *Kapittel 3.1 om statlege føringar bør inkludere rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, støyforskrift T-1442/16, laks- og innlandsfiskeleva, naturmangfaldslova og vassressurslova.*

*Kommentar frå forslagsstillar:*

1. *Tatt til følgje. Lagt inn i punkt 3.1 i revidert planprogram.*

Hordaland Fylkeskommune v/Per Normark, datert 17.01.2017

